



Også det aktive bondelaget i bygda satsar på å profilera seg skikkeleg under Aktivitetsdagen i dag, slik dei gjorde i fjor. Dei har fleire nye aktivitetar og stands med forskjellige dyr. Aktivitetane gjev både inntekt til Aktivitetshuset og fokus på matproduksjonen her i landet

Nytt i år er kuskitbingo og på biletet over blir den førebudd. Det er merka opp 144 ruter som folk kan kjøpa. Skit kua i di rute, vinn du ein gassgrill frå FK Butikken,

Andre aktivitetar er jurklutkasting og hesteskokasting med klasse for born og voksne og flotte premiar frå FK Butikken og Byggeriet, fortel Olav Hjetland Bringedal på morgonkvisten.

Det heile startar klokka 11!

Av Ola Matti Mathisen